



Ettersøksringen for Os, Samnanger og Bergen
Langedalen 319
5268 HAUKELAND

Dato: 06.06.2014
Vår ref.: 2014/204-19
Saksbehandlar: jomragn
Dykkar ref.:

TILSKOT TIL VILTFORMÅL 2014

Tilsegn om tilskot inntil kr 15 000 til prosjektet "Ettersøk av skada hjortevilt"

Vi viser til søknaden dykkar, datert 03.01.14, om tilskot til ovannemnde prosjekt. Det er med glede vi kan melde at Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 15 000 til prosjektet "Ettersøk av skada hjortevilt".

For at tilsegna skal vere gyldig må de signere og returnere vedlagte akseptskjema innan 3 veker etter at tilsegnsbrevet er motteke. Dette som stadfesting på at de har lest og akseptert vilkåra for løyvinga, og at de tek ansvar for å gjennomføre tiltaket som planlagt.

Tilsegna gjeld til 31.12.2014.

Tilskotsmidlane har opphav i løyving over statsbudsjettet, kap. 1425 post 71 – *Tilskot til viltformål*. Regelverket for tilskotsposten er reflektert i Klima- og Miljødepartementet sitt rundskriv T-1/13 *Tilskotsordningar for 2014*. Fylkeskommunen fekk overført tilskotsmidlar frå Miljødirektoratet i brev datert 12.03.2014, og gjorde vedtak om fordeling av tilskot til viltformål 2014 på møtet i Kultur- og ressursutvalet 13.05.2014, sak PS 63/2014. I saka er søknadane vurdert i forhold til målsetjingar i viltforvaltinga.

1. Prosjektgrunnlag

Følgjande opplysningar er henta frå søkjar si beskriving av søknaden. Det skal gjennomførast eit fire dagers kurs / fagsamling for vidarekomne, i regi av Skogbrukets Kursinstitutt. Målgruppa er personar / hundar frå heile fylket med praktisk erfaring i ettersøk av skada hjortevilt (kommunale fallviltgrupper, ettersøksringar og ettersøksjegerar som utfører ettersøksarbeid i kommunal og privat regi). Dette er deltakarar som framover vil utgjere kjernen av dei mest kompetente ekvipasjane i regionen. Kurset omhandlar både handtering av trafikkpåkjørslar (fallvilt) og jaktettersøk. Målet er å gje deltakarane auka kompetanse i ettersøk, på nivå etter NJFF's fase III kurs.

Organisering

Prosjektansvarleg/tilsegnsmottakar: Ettersøksringen for Os, Samnanger og Bergen (Org.nr. 897341042)
Prosjektleiar: Rune Mikkelsen

2. Godkjende kostnader og godkjend finansieringsplan

Godkjende kostnader

Diverse utgifter (Materiell, Kurslokale, overnatting, m.m.)	kr	30 000
Kursavgift	kr	65 000
Sum	kr	95 000

Godkjend finansieringsplan

Kursavgift (20 personar)	kr	50 000
Anna finansiering	kr	3 000
Andre offentlege tilskot	kr	27 000
Hordaland fylkeskommune 2014, budsjettområde 160.404	kr	15 000
Sum	kr	95 000

3. Vilkår for tilskotet

- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt prosjektplan. Det er ein føresetnad at prosjektet vert finansiert slik godkjend kostnads- og finansieringsplan ovanfor viser. Om dette kravet ikkje er oppfylt kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta, eller kravd betalt tilbake.
- Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Profilering

- I alle presentasjonar av og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.

Rapportering

- Så snart prosjektet er avslutta **skal** tilsegnsmottakar sende sluttrapport til fylkeskommunen.
- *Sluttrapporten* skal seie noko om:

- | | |
|------------------------------|--|
| ◇ Bakgrunn for prosjektet | ◇ Oppsummering av prosjektarbeidet |
| ◇ Mål med prosjektet | (organisering, sterke/svake sider ved prosjektet, ikkje planlagde resultat, informasjon m. v.) |
| ◇ Oppnådde resultat | ◇ Eventuell vidareføring av prosjektet |
| ◇ Vurdering mot oppsette mål | |

Utbetaling

- Tilsegnsmottakar skal så snart prosjektet er avslutta sende sluttrapport og signert sluttregneskapskjema for prosjektet til fylkeskommunen (vedlagt). Dette gir grunnlag for utbetaling.

Kontroll

- Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.
- Riksrevisjonen har også høve til slik kontroll, jf. Stortinget sitt løyvingsreglement §10.

Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.